

Ordføreren sitt hjørna – september 2017



Stortingsvalet er over. Nokon er veldig fornøgde, andre er ikkje det. Slik vil det alltid vera, og det er dette som er demokrati. «Til lags åt alle kan ingen gjera» skreiv Ivar Aasen. Det er like sant i dag som den gongen, men alt i alt så har me vel lite å klaga over - me heldige nordmenn.

Kommunestyret hadde eit ekstramøte 7. september, der sakslista var tilsetting av rådmann. Etter ein lang og grundig prosess har me no tilsett Jan Olav Helling som vår nye rådmann. Han tek til i stillinga ca 1. desember. Jan Olav er no helse- og sosialsjef i Hol kommune. Før det har han vore nokre år i Ål kommune som personalsjef og i forsvaret i ein ti års tid før det. Han er 49 år gamal, og ser fram til å ta tak i oppgåvene som ventar.

I vår gjorde kommunestyret vedtak om å støtte, og vera aktivt med i arbeidet for å prøve å få Alpin VM 2025 og andre store alpinarrangement til Hemsedal. Dette arbeidet er no godt i gang. Alpin VM er eit veldig stort arrangement, og det er eit krevjande arbeid som ligg framom oss. Me må laga ein omfattande søknad som beskriv kvifor me trur me er det beste alternativet for Alpin VM. Korleis løyser me alt med løyper og arena, med overnatting, med opplegg for media, gjennomføring av sjølv arrangementet, kven er medspelarar og garantistar for at Hemsedal greier å gjennomføre dette. Det er under planlegging nye løyper med målområde lengst aust i Totteskogen, inn mot sentrum. Beliggenheten nær sentrum og med eit stort tal senger i gangavstand frå målområdet, trur me er ein av våre fordelar. Dette gjer at transportbehovet blir kraftig redusert. Det blir eit miljøvenleg arrangement, såkalla «compact games»

Norges Skiforbund (NSF) er den som er mottakar av søknaden frå oss, og dei har ei klar bestilling av alt me må dokumentere. Det er veldig mykje, og søknadsfristen er 20. mars 2018. I tillegg til alle 18 områder me må utgreie i søknaden, må me synleggjera kva som er det spesielle med Hemsedal. Kva er vår X-faktor? Dette vil me gjerne ha hjelp til frå alle kreative hemsedøler for å få inn i søknaden. Kva er det Hemsedal har som ikkje Narvik og Kvitfjell/Hafjell har? Det er dei to andre plassane i Norge me konkurrerer med. Kom med innspel til meg eller Anneli på Turistkontoret.

Korleis er gangen i søknadsprosessen framover? 20. mars neste år må me ha overlevert søknaden vår til styret i Norges Skiforbund. Her vil me måtte leige inn ein eller fleire personar til denne jobben. Buskerud fylkeskommune med fylkesordførar i spissen er med på laget, og vil hjelpe oss med innspel. Dei har erfaring frå søknadsarbeidet med skiflygings VM i Vikersund. NSF vil ta stilling til søknaden, og avgjere om Hemsedal er den søkjaren i Norge dei trur er best egna til å kunne få tildelt eit alpin VM. Den avgjerda har NSF gjort innan eit år frå no. Er me med vidare er neste steg at NSF og Hemsedal saman lagar ein søknad til FIS. Dei må ha søknaden til april/mai 2019, og FIS gjer si tildeling våren/sommaren 2020. Så spør det om dei då seier «and the winner is Hemsedal». Dette er dei milepelane me har fått. Om NSF søkjer på alpin VM i 2025 kjem også an på om Norge og Granåsen blir tildelt VM i nordiske greiner i 2023. Dersom den tildelinga blir utsett til eit seinare VM, så vil det forskuvede søknaden for alpin VM ut i tid. NSF kan ikkje ha 2 søknader inne samtidig.

Skulle me om eit års tid få beskjed om at Hemsedal ikkje er den arrangøren NSF vel, så veit me det. Me har då gjort ein stor jobb som likevel ikkje er fånyttas. Me har lagt eit veldig godt grunnlag for World Cup arrangement og for evt. junior VM. Me har og fått synleggjort framtidige løyper og stadionopplegg, og at bygda er budd til å ta på seg store arrangement.

Søknaden som skal vera ferdig til 20. mars neste år vil koste oss ca 1 million kroner å laga. Dette er eit spleiselag med mange deltakarar. Kommunen har sett av kr 200 000,- som vår del til dette arbeidet. Eventuell søknad til FIS er eit spleiselag mellom NSF og Hemsedal, som saman er arrangør, og for handsaming i FIS er det eit gebyr på ca. 3,5 millionar kroner. Skulle me bli tildelt alpin VM så vil arrangøren få eit tilskot på kr 300 millionar. Det er lite å våge i høve det ein kan vinne. Uansett så er dette god næringsutvikling for framtida til Hemsedal.

Med helsing
Oddvar Grøthe
ordførar